

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Ård og plog

Bygdelag: Søre delen av Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja
2. Ja, unntaksvis er den nok brukt til det siste, men det er jo nyare typar. ellest er i det siste hesthaka brukt til det arbeid dei før brukte arden til, og no aller sist er somme gått over til å bruke reidskafpen "Troll". At arden her ble brukt til kornåkeren, minst eg ikkje, men det er ikkje utenkjande der dei hadde større åkrar, men her har ikkje gårdane vori sers store, og i gamle dagar var det godt om folkehjelp, så dei brukte nokk helst grevet eller riva, og viss dei brukte hesten, kørde dei nok helst horva.
3. Arden vart brukt til å laga rader med under potetsetting, og til hypping. Men til hypping brukte dei nok helst grevet. Han som far min kjøpte gården av i 1884, fortalde at eit året vart det så mykje sild, og det vart slemt om folk, og han såg seg aldeles opprådd med å få poteten hyppa, for tenesttausa hadde reist på sildverking. "Men så tok eg å sette Brunen for arden", seier han.
Nokon skilnad på ard og hyppeplog har eg ikkje høyrd om. Det kjem kanskje av at bruka har vori små her, så handredskapan var den vissaste å bruke.
4. Det var ein ard på gården her da vi kom hit, og vi brukte han delsis, vi og. Men han likna ikkje heilt nokon av typane på teikninga, nærast likna han type 3. Men samanbindinga millom åsen, styreskaftet og kroppen var ikkje heilt lik. (Kroppen kallar eg den delen som går i jorda). Men eg er ikkje god for å hugse korleis han var i så måte, det finst ikkje reklingane att av han.. Jarnet gjennom åsen og ned i "kroppen" vanta. Til skjæker vart brukt vanlige plogskjæker, altså ikkje stive.
5. Nei.
6. Kjenner diverre ikkje til det.
7. Kjenner heller ikkje til det.
8. "Kroppen" var meir butt enn på fig. 3 og kledd med jarn, men hadde ingen serleg spiss. På sidene øvst festa pålegg av tre for å velte jorda ut.
9. Ja, t.d. om drillhorv og hesthake.
10. Eg drøyer om at "kroppen" var festa kompakt til styreskaftet, og desse litt "bevegelig" i høve til åsen, så ein med styret kunne regulere djupna litt.
11. Nei, eg kjenner ikkje til anna enn det eg framfor har nemnt.
12. Dei vart nok laga av bygdesmedar, men dei ardar som har vori bruksiste hundraåret, har nok mest vori fabrikkarbeid.

13. Ja. - Overgangen gjekk nok suksesivt, men eg trur det var i 1870-80 åra det det vart slutt med å bruke dei gamle heimegjorte plogar, og dei vart nok laga i bygda eller og kjøpt i andre bygder. Plogar med 2 styrearmar som dei tok til å bruke med eg var smågut, kalla dei engelskplogar her. Ka dei gamle plogar kosta kan eg ikkje hugse å ha høyrd.
14. Fig. 8 har eg ikkje sett og hugsar han sjølv sagt ikkje brukt. Men eg hørde visst nemnt plog med trefjøl. (ell. flat fjøl).
Men far hadde ein som med eit unnatak på ein prikk var lik fig. 11. Det er berre det som vantar at på han var det tappa eit hol gjennom åsen, og i det holet satt ein moldhel som regulerte at ploget ikkje gjekk for djupt. Denne moldhelen vart sett i holet nedanfrå så den nedste delen som strauk på jorda, snudde attover. Andre typar har eg ikkje sett av dei som er teikna. Alt unntakand åsen og styret var av jarn.
15. Har ikkje minne om noko av dette.
16. Ploget låg på rangsida når ein køyrde attende, altså og ikkje på fjølsida, og det var nok slegi på han både
17. ein og to klossar for å halde han opp frå jorda. Namm på desse kjenner eg ikkje. Kan hende det var skithel. Eg kjenner iallfall ordet.
18. Tørr eg ikkje seie visst. Eg hørde iallfall ordet venstre-plog brukt i politisk tydnad (som smågut) så dei har nok hatt kjennskap til begge slags plogar.
19. Eg tenkjer 4 a 5 tommar. Ellest sjå 14. Når ploget
20. ville gå for grunt, hoppa plogkaren på ein fot med den andre foten på plogåsen.
21. Ja, på dei eg har sett.
22. Kjenner ikkje noko til det.
23. Nei, det trur eg ikkje dei har hatt her. Var det stutt veg, køyrde dei han vel på slep, var den lenger, på ein vanlig tremeisleda (fraudsleda).
24. Trur eg i si tid har høyrd snakk om jarlsbergplogar, men veit ikkje noko om dei.

Her har eg aldri høyrd brukt namnet ard på plog eller namnet plog om ard. Ard blir uttala al med tjukk l. Ard er hankjønn her.

1485

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING